

På Lianeset:

– Må vere australske soldatar evig takknemlege

Ove Røv talte ved bautaen på Lianeset til minne om dei allierte sitt flyåtak på tyske båtar i Ørstafjorden i 1944, der to australske flygarrar omkom.

– Vi kan vere dei evig takknemlege for fridomen i 1945; utan hjelp hadde vi aldri greidd det sjølv, sa Ove Røv.

Røv peikte på at når ein no feirar fridomen i Noreg, så er det verdt å minnst at to unge menn frå det australske flyvåpenet gav livet sitt i kampen for at vi skulle bli eit fritt land igjen under andre verdskrigen.

Det var 5. desember 1944 at dei to tyske skipa Radbod og Albert Janus blei angripne og senka i eit flyangrep med totalt 21 fly. Eitt av flya blei skote ned av tyskarane og begge i flyet, Frederic Gordon Sides og Austin Hawewill, døde.

Sverre Hagen i Ørsta fann fallskjermen etter den omkomne flygaren som skaut seg ut av flyet. Hagen overleverte fallskjermen til familien i Australia og som medlem av Ørsta Rotaryklubb har Sverre Hagen vore ein pådrivar for å halde minnesmerket på Lianeset i stand.

Både skvadronleiar Smith og familien hans, og familien til Frederic Gordon Sides, har besøkt Ørsta fleire gonger. Det er slik sett nytt sterke band mellom Australia og Ørsta.



Medlemmer av Norske Reserveoffiserers Forening (NROF) står for seremonien i samarbeid med Ørsta Rotaryklubb.